

Prosjektnamn: Fønnesvågen – trivsel, identitet og aktivitet

Kort beskrivelse

Nordre Fønnesvågen har ein lang tradisjon som hamn, men det er i dag lite aktivitet retta mot ålmenta i dette gamle sentrumet. Staden har likevel stort potensiale. Målet er betre trivsel, sterkare identitet og meir aktivitet. Gjennom LivOgLyst-prosjektet i Fønnesvågen ynskjer me å utvikle staden vidare med dette som utgangspunkt.

Prosjektbeskrivelse

Målgruppa for prosjektet er innbyggjarane i området ved og rundt Fønnesvågen. Prosjektet er organisert gjennom Fønnes bygdelag, som vart oppretta i samband med at ein fekk 1-årig LivOgLyst-prosjekt i fjor. Fønnes bygdelag er eit fellesorgan for lokalbefolkninga, som skal vere ein pådrivar for utvikling av nye idear og gjennomføring av prosjekt, stimulere til økt næringsutvikling, utvikle nye trivselstiltak og opptre som lokalsamfunnets felles interesseorganisasjon og talerør.

Bygdelaget er organisert med eit styre og fire arbeidsgrupper:

Moglegheitsstudie Fønnesvågen:

Her fokuserer me på bruk av eksisterande bygningsmasse som heilt eller delvis ikkje er i bruk og på framtidig arealbruk.

Tiltak:

- Gjennomgang av eksisterande bygningsmasse og vurdere ny bruk i samarbeid med eigarane. Første prioritet er å skape ein møteplass i form av ein bygdecafe/pub eller liknande. Andre aktuelle tiltak kan vere galleri, kystkultursenter/samling, bakeri, rockeverkstad og ferieleilegheiter for utleige.
- Koordinere innspel til Austrheim kommune sin områdeplan for Fønnesvågen.
- Etablering av strandpromenade rundt Fønnesvågen.
- Utarbeide informasjonsskilt om den historiske Fønnesvågen, mellom anna med info om kva funksjonar dei einskilde bygga hadde tidlegare.
- Gjere kaien meir attraktiv som møteplass med til dømes eit grindverksbygg og ved å legge til rette for havsport.
- Sjå på moglegheiter for etablering av ny næringsverksemd på eksisterande næringsområde ved molokaiien, og vurdere behov for nye næringsareal i samband med områdeplanen.

Fønnesdagen

Her fokuserer me på vidareutvikling av den årlege Fønnesdagen.

Tiltak:

- Utvikle den årlege Fønnesdagen til ein kystkulturfestival frå fredag til søndag som ein møtestad for alle på kryss av generasjonane.
- Legge opp til eit variert og spennande program retta inn mot dei ulike målgruppene, ikkje minst er det viktig å engasjere ungdom. For å få dette til vil vi mellom anna samarbeide med havsportaktørar.

Vardetangen og Årvika friområde

Her fokuserer me på utvikling av turveg/stiar og friområde.

Tiltak:

- Bygging av turveg frå Fønnesvågen/Tresvik til Årvika.
- Utvikling av Årvika som friområde i samarbeid med Austrheim kommune, BOF og havsportaktørar. Det dreier seg om tilrettelegging av badeplass og sosial møteplass med grindverksbygg, tilrettelegging for havsport, toalett, med grill og aktivitetsflater for felles leik og spel (sjå vedlegg for meir info).
- Utvikling av Vardetangen, Noregs vestlegaste fastlandspunkt, som ein attraksjon i samarbeid med Austrheim kommune. Aktuelle tiltak er bygging av turveg frå hurtigbåtkaiaen på Vardetangen til det vestlegaste fastlandspunktet og etablere ei kunstløype langs denne i samarbeid med Kunsthuset Austrheim.

Sosiale arrangement

Her fokuserer me på trivselskapande tiltak gjennom sosiale arrangement:

Spesifikasjon

Bakgrunn

Ein gong var det sardinfabrikk, bank, post, trygdekontor, bakeri, to butikkar, dampskipskai og bussmøteplass her, men i dag er det lite aktivitet retta mot ålmenta. Unntaket er den årlege Fønnesdagen, då det er eit yrande folkeliv nede på kaien i dette gamle sentrumet. I gamle bygningar ligg det likevel eit potensiale for å få inn ny aktivitet. Dette gjeld mellom anna den eine av dei gamle butikkane, det gamle bakeriet, 1-2 gamle sjøbuer og eit næringsbygg.

Gjennom det 1-årige prosjektet har ein lukkast i å mobilisere innbyggjarane gjennom etableringa av Fønnes bygdelaag. Dette i kombinasjon med LivOgLyst-prosjektet har skapt eit betre miljø og samhald, samt eit felles engasjement, i bygda.

Prosjektmål

Det overordna målet med prosjektet er betre trivsel, sterkare identitet og meir aktivitet.

Delmål:

- Mobilisere innbyggjarane og trivselskapande aktiviteter.

- Skape ein møteplass i form av pub/café.
- Ny aktivitet i gamle bygg.
- Ny næringsverksemd.
- Tilrettelegging for ferdsel i strandsona.
- Tilrettelegging av friområde i Årvikane med turveg ut.

Forankring

LivOgLyst-prosjektet er forankra i Austrheim kommune politisk gjennom orienteringssak til formannskapet og drøfting med ordføraren. Administrativt er prosjektet forankra i kommunen med eigen kontaktperson (Prosjektleiar utvikling), og samarbeid med avdelingsleiar kultur.

Prosjektorganisering

Utgangspunktet for prosjektet var 4-5 eldsjeler som stod bak den årlege Fønnesdagen. No er Fønnes bygdelag oppretta som eit lag for alle innbyggjarane. Bygdelaget er organisert med eit styre og fire arbeidsgrupper:

- Moglegheitsstudie Fønnesvågen
- Fønnesdagen
- Vardetangen og Årvikane
- Sosiale arrangement

Samarbeidspartnerar

I tillegg kan det vere aktuelle samarbeidspartnerar i andre frivillige lag og organisasjonar og næringsaktørar om einskilde tiltak. Desse inkluderer Austrheim kyst- og sogelag, Kunsthuset Austrheim, Nordhordland Næringshage og Neptun pensjonistforening. I tillegg er Austrheim kommune sjølvstøtt ein aktiv samarbeidspart. Kjelstraumen Vertshus er også ein aktuell samarbeidspartner. Til einskilde tiltak er det også aktuelt å søke om tilskot frå ulike stiftingar, som til dømes Gjensidigestiftelsen.

Aktivitetar

- Moglegheitsstudie av bygningsmasse og arealbruk.
- Kommunal områdeplan – innspelsrunde/arealavklaringar.
- Utmeisle delprosjekt knytt til bruk av aktuelle bygg/tomter:

Tiltak	Aktuelle samarbeidspartnerar
Møtestad i form av pub/café, samt eventuelt selskapslokale.	Nordhordland næringshage
Kystkultursenter	Austrheim kommune, Kyst- og sogelaget, Neptun
Bakeri	Nordhordland Næringshage

Atelier/galleri.	Kunsthuset Austrheim
Båtplassar og gjestebrygge	
Strandpromenade	Austrheim kommune
Ny næringsverksemd på næringsområde ved molokaien.	
Rockeverkstad i nye lokale	Austrheim kommune
Tilrettelegging av kaiområde, t.d. med grindverksbygg	Austrheim kommune, Neptun

- Fønnesdagen/Fønnesfestivalen
- Diverse sosiale arrangement, som t.d. St. Hans feiring.
- Opparbeiding av turveg til Årvikane og tilrettelegging av friområdet med BOF, havsportaktørar og Austrheim kommune som samarbeidspartnerar.

Målgrupper:

- Innbyggjarane i Kaland skulekrins
- Næringsaktørar
- Besøkjande

Resultat

Vitalisering av Fønnesvågen gjennom fysisk oppgradering, ny aktivitet og trivselsskapande tiltak.

Effekter:

- Betre trivsel
- Sterkare identitet
- Meir aktivitet.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan:

- Haust 2013 – vår 2014: Moglegheitsstudie av bygningsmasse.
- Haust 2013 – vår 2014: Kommunal områdeplan – innspelsrunde/arealavklaringar.
- Juni 2014: Utmeisle delprosjekt knytt til bruk av aktuelle bygg/tomter:
 - Møtestad i form av pub/café
 - Kystkultursenter
 - Bakeri
 - Atelier/galleri
 - Båtplassar og gjestebrygge
 - Strandpromenade

- Ny næringsverksemd på næringsområde ved molokaien.
- Tilrettelegging av kaiområde, t. d. med grindverksbygg.
- August 2014: Fønnesfestivalen
- Haust 2013-2015: Diverse sosiale arrangement, som t.d. St. Hans feiring.
- 2014-2015: Tilrettelegging av friområdet med BOF, havsportaktører og Austrheim kommune som samarbeidspartnerar. Tiltak:
 - Opparbeiding av turveg til Årvika
 - Tilrettelegging av badeplass
 - Grindverksbygg
 - Toalettbygg
 - Grill
 - Aktivitetsflater for leik og spel

Kostnadsplan - Finansieringsplan

Kostnader		Finansieringsplan	
Art:	NOK	Kjelde:	NOK
Møter og arrangement	80.000	LivOgLyst, HFK, 3-årig program	300.000
Fønnesdagen/festivalen - kystkultur	120.000	Austrheim kommune	120.000
Pub/café	100.000		
Andre tiltak - bygg	60.000		
Administrasjon og diverse	40.000		
Infotiltak og skilt	20.000		
SUM	420.000	SUM	420.000